


Poliklinikk inngang nord, følg den grønne streken på veggen.

Gastrolab. 4.etg

Til deg som skal til pH (Syre) måling



**HUGS:
LES BROSJYRA NØYE!**

FASTE I MINST 4 TIMAR

**STOPP ALL SYREHEMMANDE
MEDISIN 7 DAGAR FØR
UNDERSØKINGA**

VELKOMEN TIL OSS

Du har fått time til undersøking av spiserøyet.

24 TIMAR pH (SYRE) MÅLING:

Syre vert laga i magesekken. Syre kan kome opp i spiserøyet i varierende grad. Dette kallar vi refluks av syre. For mykje syre til spiserøyet kan irritere slimhinna. Med denne undersøkinga måler vi graden av refluks til spiserøyet i løpet av 24 timar. Fordi magesyre lek tilbake i spiserøyet kun i korte periodar, er det nødvendig at du går med utstyret på deg ett døgn.

7 DAGAR FØR UNDERSØKINGA:

Slutt med alle medisinar som høyrer til gruppene H2-blokkarar t.d. Ranitidin, Pepciduo m.fl. og protonpumpehemmarar t.d. Somac, Nexium m.fl. Medisin som til dømes LINK kan du nytte.

FASTE i minst 4 timar før undersøkinga. Det vil seie at du ikkje skal ete eller røykje minst 4 timar før undersøkinga. Du kan drikke vatn inntil 1 time før undersøkinga.

Før undersøkinga er det fint om du skriver navn, styrke og dosering på alle medisiane du bruker, og tar dette med deg hit.

24 TIMARS pH (SYRE) MÅLING

PÅ SJUKEHUSET:

Eit tynt pH-kateter i plastikk vert ført gjennom nasa, svelg og ned til nedste delen av spiserøyet. pH-kateteret vert kopla til ein liten berbar opptakar. I den vert alle registreringane lagra.

DØGNET DU GÅR MED pH-KATETERET:

Nytt ikkje syrenøytraliserande midlar eller alkohol i løpet av undersøkinga.

Det tynne pH- kateteret som ligg i svelget ditt aksepterer du raskt. Du kan drikke, ete og sove med kateteret på plass. Det viser seg at vi får mest ut av denne undersøkinga viss du er i vanleg aktivitet og utfører dine daglege gjeremål mest moglig slik du er vant til. Vi vil helst at du går tilbake på jobb etter undersøkinga, evt. gjer litt hagearbeid eller steller i huset.

Du kan ete og drikke uten å tenke på ledningen du har liggende i spiserøyet, det er viktig at du et like mykje og det same som elles!

Men obs! utanom til måltid, drikk ikkje sure drikkar, mineralvatn og et ikkje appelsiner.

24 TIMARS pH (SYRE) MÅLING

Viss du kjenner dei typiske symptoma du har, må du trykke på knappen på apparatet, samt skrive ned klokkeslett i skjemaet du får med deg.

DETTE ER SVÆRT VIKTIG FOR VÅR TOLKNING.

På dette skjemaet må du også hugse å notere klokkesletta for starten og slutten på alle måltid, samt klokkeslettet for kvile (liggende stilling) og søvn.

Dersom det er noko du er i tvil om med omsyn til pH - målinga kan du kontakte oss på telefon.

Tlf. før kl 15:30 : 70 10 58 40 gastrolab

Tlf. etter kl 15:30 : 70 10 50 00 Sentralbordet

ETTER UNDERSØKINGA:

Du må kome att neste dag, etter vel 24 timar, med opptakaren og skjemaet. Svaret på tolkinga og kva vi tilrår, vert sendt fastlegen din.